

Mandat

Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid



Innhald

1.2. Bakgrunn	3
1.3. Utvalets formål	3
2. Utvalet si oppgåve	3
3. Samansetting av utvalet	4
4. Utvalets arbeidsform og tidsplan	4



1. Bakgrunn og formål

1.2. Bakgrunn

Kommunestyret i Stad gjorde i møte 18. juni 2021, sak KS-21/086, vedtak om å starte opp eit strategisk utviklingsarbeid for Nordfjordeid sentrum.

I kommunestyremøte 16. juni 2022, sak KS-22/078, vart det vidare løyvd kr. 500 000,- til arbeid med nytt sentrumsnært næringsareal på Nordfjordeid. Arbeidet med nytt næringsareal er no ein del av utviklingsprosjektet for Nordfjordeid og må sjåast i samanheng med kommunestyresaka frå 18. juni 2021.

I same kommunestyremøte 16. juni 2022 vart det løyvd kr. 200 000 til ein snarleg oppstart av ein cruisestrategi for Stad kommune. Dette arbeidet er i startfasen og det strategiske utviklingsarbeidet for Nordfjordeid må ta omsyn til denne prosessen.

Strategiarbeidet skal munne ut i eit strategisk plandokument som skal gje klare føringar for det seinare arbeidet med arealplanar for Nordfjordeid, inkludert nytt næringsområde i nærleiken av Nordfjordeid.

1.3. Utvalets formål

Kommunestyret har lagt til grunn at brei involvering, samarbeid og samskaping mellom kommunen, innbyggjarane, næringslivet, frivillige lag og organisasjonar skal utgjere «berekjelken» i arbeidet. Det vert lagt opp til ulike former for medverknad i arbeidet, og kommunestyret gjorde i møte 29. oktober 2021, sak KS-21/143, vedtak om å opprette eit mellombels utval som består av eit utval kommunestyremedlemmar og innbyggjarar med særleg kompetanse og erfaring med samfunns- og næringsutvikling i Nordfjordeid.

Stad kommunestyre valde i kommunestyremøte 27. oktober 2022, sa KS-22/150, medlemmer til utvalet. Utvalet som er oppretta har fått namnet «Næringslivets utval for eit berekraftig Nordfjordeid».

Dette dokumentet utgjer mandatet for næringsutvalet.

Formålet med oppgåveutvalet er å styrke samarbeidet mellom lokalpolitikarane og næringslivet i arbeidet med sentrums- og næringsutvikling, og er ei nærdemokratisk ordning. Medlemmane i utvalet er difor ei blanding av folkevalde og innbyggjarar med ei spesiell interesse eller kompetanse på området som skal diskuterast.

Oppgåveutvalet blir oppretta for å arbeide med ei konkret problemstilling, og skal vere i funksjon i ein avgrensa periode.

2. Utvalet si oppgåve

Oppgåveutvalet skal gi innspel til det vidare politiske arbeidet med sentrums- og næringsutvikling, og skal gi ein peikepinn på kva tema som det er særleg viktig å få belyst, diskutert og tatt stilling til det vidare strategiske arbeidet og i ny arealplan.

Aktuelle problemstillingar/plantema som oppgåveutvalet kan drøfte og kome med tilrådingar innanfor, er mellom anna:

- Nordfjordeid sin identitet og posisjon (næring/handel/kultur/reiseliv)
- Rammevilkår for vekst og utvikling i og rundt Nordfjordeid
- Arealbehov og potensiale for vekst innanfor verksemdar med høg urbaniseringsgrad, detaljhandel, randsoneverksemdar og arealkrevjande verksemd.
- Moglegheiter og barrierar for fortetting og transformasjon av sentrumsområdet (i eit økonomisk perspektiv)
- Mobilitet (t.d. parkering, transport- og utviklingsaksar, vegnett)
- Grøn omstilling og smart spesialisering
- Behov for strategi for eigedomsutvikling og samarbeidsforum mellom kommune og næringsliv

3. Samansetting av utvalet

Utvalet er sett saman av representantar frå Stad kommunestyre og innbyggjarar med ulik kompetanse, erfaring og interesse for strategisk arbeid, næringsutvikling og berekraftig sentrumsutvikling:

- Synnøve Aabrekk
- Gro Gjerdevik
- Cecilie Bjørlo
- Reidun Sunde
- Ove Kjøllesdal
- Ove Bjørlo
- Knut Tore Nes Hjelle
- Ole Mathias Nes
- Bjørn Myklebust
- Roger Bergset
- Siri Sandvik (varaordførar, Arbeidarpartiet)
- Paul Jacob Helgesen (Kommunestyremedlem, Senterpartiet)
- Gunvald Ludvigsen (Kommunestyremedlem, Venstre)
- Ståle Sandal (Kommunestyremedlem, Senterpartiet)
- Betty Hessevik (Kommunestyremedlem, Senterpartiet)

Varaordførar Siri Sandvik er leiar av utvalet.

4. Utvalets arbeidsform og tidsplan

Utvalets arbeid føl kommunelova sine reglane for politiske møte, med dertil faste reglar for møteinnkalling, openheit og dokumentasjon.

Det vert lagt opp til ein mest mogleg effektiv og styrt prosess med inntil 5 arbeidsmøte for utvalet. Perioden kan utvidast, dersom Stad kommunestyre ser behov for det.

Administrasjonen i Stad kommune skal hjelpe utvalet med ulike oppgåver gjennom heile prosjektet:

- Levere nødvendig kunnskapsgrunnlag (rapportar/fagnotat/utgreiingar)
- Fasilitere møte i samråd med utvalsleiar
- Møteinnkalling, dagsorden, organisere møtelokale m.m.
- Legge til rette for informasjon og kommunikasjon (heimeside/Facebook/annonse m.m.)

Prosjektet blir ellers gjennomført i samarbeid med eksterne leverandører med særleg kunnskap og erfaring med strategisk planlegging og design av offentlege utviklingsprosjekt.